

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-223, FA-U01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 08.05.2023

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|-------------------------------------|------------|
| 029/23 | Utval for næringsutvikling og drift | 07.06.2023 |

Søknad til Næringsfondet - Rikstad Bigård - Vintersesong produksjon av Bivoksllys

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Vintersesong produksjon av Bivoksllys vert

Utval for næringsutvikling og drift 07.06.2023:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 029/23 Vedtak:

Prosjektet Vintersesong produksjon av Bivoksllys vert tildelt kroner 10 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Rikstad Bigård er eit enkeltpersonføretak. Bransje: 01.490 Husdyrhold elles. Registrert 07.02.2022. Kjeld: Proff.no

Saksopplysningar:

Rikstad Bigård er lokalisert nord for Manger med inntektsgrunnlag innan birøkt. Selskapet vart etablert vinteren 2022 og har to tilsette på deltid.

Om prosjektet:

Inntektsgrunnlaget for Rikstad Bigård er bunde opp til biene sin produksjon av salbar produksjon (honning, pollinering og dronningproduksjon). Verksemda ønskjer no å etablere ei alternativ næringskjelde med produksjon av bivoksllys.

Prosjektleveranse/Målsetting:

På sikt ønskjer Rikstad Bigård å ha minst to tilsette på heiltid og fleire tilsette på deltid i sesong. For å få dette til må selskapet utvikle fleire produkt og ha fleire varer for sal. Med produksjon av bivoksllys ønskjer selskapet å etablere produkt for sal utanom birøktersesong og på denne måten etablere ei alternativ inntektskjelde. Produksjonen er mogleg å gjennomføre i vinterhalvåret, då resten av produksjonen er begrenset. Med fleire produkt for sal kan ein auke inntektene og danne grunnlag for produksjon og aktivitet i føretaket gjennom heile året.

Prosjektøkonomi:

| Prosjektnamn | Prosjektkostnad | Søknadssum | Framlegg |
|--------------------------------------|-----------------|------------|----------|
| Vintersesong produksjon av Bivokslys | 22 026 | 11 012 | 10 000 |

Vurderingsgrunnlag:

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

Søknaden viser til at Rikstad Bigård ønskjer å gjennomføre eit utviklingsprosjekt og gjeld i hovudsak støtte til investering i nytt utstyr til produktutvikling for å utvikle og etablere nye produkt for sal i selskapet. Gjennom auka inntektsgrunnlag dannar selskapet grunnlag for heilårsdrift og prosjektet viser til potensiale for vidare vekst i verksemda.

Dette kan bidra til arbeidsplassutvikling i verksemda og slik stimulere til ei berekraftig næringsutvikling.

Vurdering:

Alver kommune ser positivt på prosjektet Rikstad Bigård ønskjer å gjennomføre med utviding av produkta for å skape vidare vekst i selskapet.

Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriteria ved at det viser til tiltak som stimulerer til arbeidsplassutvikling og berekraftig næringsutvikling.

Vedlegg i saken:

31.05.2023

Rikstad Bigård søknad 30.04.23

1934549